

UTGREIING OPENHEITSLOVA 2023 LERUM-KONSERN



A. Om Lerumkonsernet

Konsernet N.H. Lerum AS (Lerum) består av morselskapet N.H. Lerum AS og dotterselskapa Lerum AS og Lerum Eigedom AS.

Lerum AS er driftsselskapet og utfører all administrasjon av morselskap og eigedomsselskap. Alle som arbeider i konsernet er tilsette i Lerum AS. Lerum AS leiger lokale hjå Lerum Eigedom AS.

Selskapa N.H. Lerum AS og Lerum AS er omfatta av openheitslova.

Lerum har totalt 136 tilsette (126,5 årsverk), fordelt på to lokasjonar:

- Hovudkontor og produksjon i Kaupanger i Sogndal (116 stk.)
- Sal- og marknadskontor i Asker (20 stk. inkl. salskonsulentar fordelt rundt i landet)

Konsernet er familieeigd i 4. generasjon og har eit styre som består av 8 medlemmer og ei leiargruppa som består av 6 medlemmar.

I 2023 vart det produsert 51,8 millionar liter/kg med saft, syltetøy og jus på fabrikkjen på Kaupanger i Sogndal.

B. RISKIO OG AKTSEMD

Forankring menneskerettigheiter og anstendige arbeidsforhold

Lerum har ein policy for berekraftig forretningspraksis som legg føringane for dette. Den vart første gong vedteken av styret 18.11.2021. Ein oppdatert versjon vart vedteken i styret 14.12.2023. Denne policyen ligg i vårt overordna dokumentsystem «Kvalitetsportalen» og er også å finne på www.lerum.no.

Lerum vurderer innkjøpsområdet som det området der vi kan ha det største potensialet til å bidra til positiv utvikling i forhold til berekraftig forretningspraksis, og det er dette området som vil ha hovudfokus. Som medlem av Etisk handel Norge forpliktar Lerum seg til å jobbe aktivt med aktsemdsvurderingar for berekraftig forretningspraksis. Aktsemdsvurderingar er ei risikobasert tilnærming til å respektere og ivareta menneske, samfunn og miljø i vår eiga verksemd og i heile leverandørkjeda. Vi krev at våre leverandørar og samarbeidspartnarar føl same tilnærming.

- Vi skal fremme respekt for menneskerettigheiter og likebehandling uavhengig av kjønn, etnisitet og legning.
- Vi skal utføre risikokartlegging av negativ påverknad av vår verksemd gjennom årlege aktsemdsvurderingar.

- Lerum skal vere ein trygg arbeidsplass der risikoen for å skade seg skal minimerast ved hjelp av rett utstyr, god opplæring og oppfølging av status i vernerundar.
- Alle våre råvareleverandørar og samarbeidspartnarar må gjennomgå leverandørevaluering, inkludert Etske retningslinjer for leverandørar.

Varslingskanalar og klagemekanismar

Uønskete hendingar av både fysisk og psykisk art skal registrerast og behandlast i avvikssystemet vårt «Kvalitetsportalen», med tilhøyrande korrigerande tiltak for å hindre at det skjer igjen.

I Lerum vert uønskete hendingar oppdaga ved:

- Direkte kundeførespurnader via telefon, e-post, nettside eller sosiale media.
- Mediesaker som gjeld verdikjeda vår.
- Internrevisjonar.
- Eksterne revisjonar frå kundar og frå sertifiseringsorgan i samsvar med vår kvalitetsstandard BRCGS.
- Tilsyn frå myndigheiter (Mattilsyn, Arbeidstilsyn, Statsforvaltar etc.)
- Vernerundar leia av vårt hovudverneombod med støtte frå bedriftshelsetenesta.
- Leverandørevalueringar leia av innkjøpsavdelinga.

Konkrete aktsemdvurderingar

Det er i 2023 gjennomført aktsemdvurderingar basert på metodikken i OECD sine retningslinjer.

Leverandørar:

- Vatn:

Vatn er ei av våre viktigaste råvarer. Vi får vatn tilført frå Sogndal kommune si drikkevasskjelde, og behandlar vatnet sjølv slik at det oppfyller alle krav i Drikkevassforskrifta.

Ingen negative konsekvensar vedrørande arbeidsforhold og menneskerettigheter er avdekka på dette område.

- Råvarer/emballasje:

Lerum kjøper råvarer og emballasje frå mange ulike land. Vi prioriterer å kjøpe kortreist, både råvarer og emballasje, når det er mogleg. Alle våre leverandørar av råvarer og emballasje er gjenstand for ein grundig godkjenning- og risikovurderingsprosess. Vi vil sikre oss at varer levert til Lerum skal vera produserte i samsvar med våre etiske retningslinjer for leverandørar. Dei etiske retningslinjene dekkjer grunnleggjande krav til menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og antikorrupsjon i leverandørkjeda.

Som nemnt innleiingsvis, er vi medlem i Etsk Handel Norge. Rapporten vår for 2023 på dette området, kan du lese på www.lerum.no eller www.etiskhandel.no

I 2023 har vi gjennomført 3 leverandørrevisjonar.

Vi skal arbeide for langvarige leverandørforhold med leverandørar som viser særleg vilje og evne til å jobbe for positiv utvikling i leverandørkjeda.

I 2023 har vi hatt særleg fokus på bærleverandørar i Norden. Etter å ha vore på revisjon, har vi gitt innspel til tiltak som kan forbetre arbeidsforholda til leverandørane sine bærplukkarar. Vi

forventar forbetring og tilbakemelding på dei innspela vi har gitt og kjem til å følgje dette tett opp i 2024.

C. SLIK ARBEIDER VI MED FORBETRINGER

Eiga verksemd

Alle tilsette og styremedlemmar i Lerum må etterleve våre interne etiske retningslinjer som har som formål å definere, tydeleggjere og sikre rammer og forventningar til forretningsmessig etisk og korrekt opptreden.

Lerum er IA-bedrift og arbeider kontinuerleg med å halde fråværet nede. I 2023 er det totale fråværet 4 % fordelt mellom 1,9 % korttidsfråvær og 2,1 % langtidsfråvær.

Det er rapportert ein skade med fråvær i 2023.

Arbeidsmiljøet vert vurdert som godt. Samarbeid mellom leiinga og dei tilsette sine organisasjonar har vore konstruktivt og bidrege positivt til drifta.

Gjennomsnittleg alder på tilsette i Lerum var i 2023 43,4 år.

Dei fleste av Lerum sine tilsette er frå Norge, men vi har også tilsette frå Tyskland, Polen, Romania, Portugal, Syria, England, Marokko, Colombia, Litauen, Somalia og Eritrea.

Lerum dekker ein del av treningsavgift på kommersielle treningssenter, og vi dekker utlegg til MR og 4 til 6 behandlingar hjå kiropraktor eller fysioterapeut.

Kvinneandelen i Lerum er 20 %. Bransjen har historisk vore mannsdominert og vi ønskjer fleire kvinner inn.

Dei tilsette har anledning til å varsle anonymt om uønskte hendingar via «Kvalitetsportalen».

Det er lagt opp til at personar med nedsett funksjonsevne kan arbeide i administrasjonen og deler av prosessen der dette er hensiktsmessig. Per dags dato har vi ingen tilsette med nedsett funksjonsevne.

Alle tilsette er innmeldt i ei personalforsikringsordning.

Konklusjon frå vernerundane viser at vi har gode rutinar og rett utstyr/fasilitetar, samt ein kontinuerleg forbetring i orden og reinhald, som bidreg til ein sikker og triveleg arbeidsplass.

Logg kundehenvendingar viser ingen varsel frå forbrukarar og kundar relatert til mistanke om eller faktiske brot på menneskerettigheiter i tilknytning til vår verksemd. Ingen mediasaker med negativ omtale vedrørande brot på menneskerettigheiter eller anstendige arbeidsforhold i tilknytning til Lerum har vore publisert siste år.

I 2023 ble det gjennomført totalt 15 internrevisjonar fordelt på alle avdelingar, med ei tverrfagleg revisorstab på 11 personar, alle med internrevisor kurs.

Fokus på kontinuerleg forbetring og tiltak

Vi arbeider kontinuerleg for å bli betre på alle område. Vi har ei prosedyre for avvikshandsaming som vi følger dersom avvik oppstår. Både korrigerande og førebyggjande tiltak er viktig å ha gode planar for. Avvik vert følgt opp i ulike interne møter og oppsummert i Leiingas gjennomgang som vert gjennomført 2 gonger per år. Alle avvik skal behandlast og tiltak skal settast inn.

Sogndal 21.2.24

Styret i N.H Lerum AS og Lerum AS

Sverre S. Tysland
Styreleiar

Kristine Aasheim
Styremedlem

Stein Klakegg
Styremedlem

Kurt Lerum
Styremedlem

Grethe Lerum
Styremedlem

Gro Lerum Bondevik
Styremedlem

Tilsettvagte i Lerum AS:
Oddbjørg Fjelltun
Styremedlem

Stian Orrestad
Styremedlem

Trine Lerum Hjellhaug
Administrerande direktør

Lerum AS_Utgreiing openhe...23_vedteke i styret 21

Name
Lerum, Grethe Kristin

Date
2024-03-04

Identification

 Lerum, Grethe Kristin

Name
Klakegg, Stein Norvald

Date
2024-03-02

Identification

 Klakegg, Stein Norvald

Name
Bondevik, Gro

Date
2024-03-03

Identification

 Bondevik, Gro

Name
Tysland, Sverre Sellæg

Date
2024-03-03

Identification

 Tysland, Sverre Sellæg

Name
Lerum, Kurt

Date
2024-03-02

Identification

 Lerum, Kurt

Name
Aasheim, Kristine

Date
2024-03-02

Identification

 Aasheim, Kristine

Name
Fjelltun, Oddbjørg

Date
2024-03-07

Identification

 Fjelltun, Oddbjørg

Name
Hjellhaug, Trine Lerum

Date
2024-03-02

Identification

 Hjellhaug, Trine Lerum

Name
Orrestad, Stian

Date
2024-03-03

Identification

 Orrestad, Stian



This document contains electronic signatures using EU-compliant PAdES - PDF Advanced Electronic Signatures (Regulation (EU) No 910/2014 (eIDAS))